

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	05.04.2024
Vår referanse	2024/7856-16
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for rehabilitering av dam Seltuftvatn i Sunnfjord og Høyanger kommunar

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune ser at tiltaksområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og at det er naudsynt med registrering for å avklare dette forholdet, jf. lov om kulturminne § 9. Dette er meldt til søkjar i eige brev datert 05.04.24.

Planlagt anleggsveg til dammen ved Seltuftvatn vil gå gjennom tre registrerte friluftsområde vurdert som svært viktig/viktig. Det er rimeleg å anta at anleggsvegen vil ha ein (svært) negativ konsekvens for landskaps- og friluftslivsopplevinga. Veggen bør berre byggjast om den er heilt naudsynt for å gjennomføra det pålagde rehabiliteringsarbeidet, og då med minst moglege landskapsinngrep og tilbakeførast til ein tursti etter rehabiliteringa

Det er viktig at det ikkje blir gjort tiltak som reduserer Seltuftelva som gyteelv for auren i Fossvatnet. Det må mellom anna ikkje etablerast vandringshinder som gjer at fisk ikkje kjem seg opp i elva frå Fossvatnet. Det er vidare viktig å sikre at det ikkje blir avrenning av sediment som kan legge seg over gytegroper nedstraums eller anna ureining som kan skade fisk og andre ferskvassorganismar. Det er også viktig at det ikkje vert gjennomført fysiske tiltak som kan endre tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta.

Bakgrunn

NVE har sendt detaljplan for rehabilitering av dam Seltuftvatn i Sunnfjord og Høyanger kommunar på høyring. Statkraft energi AS har sendt detaljplanen til NVE for vurdering.

Stålbukkedammen ved Seltuftvatn har kravd omfattande vedlikehald sidan fleire av komponentane har passert si tekniske levetid. Difor vil Statkraft gjera byggja ny dam.

Detaljplanen for miljø og landskap skildrar planane for kva som skal byggjast. NVE skal godkjenne detaljplanen før arbeida kan starte. Høyringspartane, inkludert Vestland fylkeskommune, er bede om å gje tilbakemeldingar og innspel til detaljplanen.

Skildring av tiltaket

For å unngå uføreseielege kostnader til drift og vedlikehald av eksisterande dam, er det valt å rive stålbukkedam i sin heilskap og erstatte dammen med ein gravitasjonsdam i betong. Den nye dammen blir om lag 60 meter lang, og den største høgda blir om lag 3,5 meter og er i overløpsdelen. Han vil bestå av to seksjonar, ein overløpsdel og ein del med brystning. Begge damdelane har vertikal helling på oppstraumssida og helling 1:1 på nedstraumssida. Overløpet vil bli plassert sentrisk for å leie vatnet direkte i gammalt elveleie.

Som ein del av det førebauande arbeidet for damrehabiliteringa skal ein eksisterande sti frå Markesetvegen ved Fossvatn til dam Seltuftvatn oppgraderast til ein anleggsveg. Planlagde anleggsvegen skal gje permanent tilkomst til dam Seltuftvatn og det planlagde nye kraftanlegget i Stordalen. Det skal etter planen leggjast straum- og fiberkabel i vegen. Vegen vil få ei breidde på 4 meter, inkludert skuldrer. Det er planlagt ein parkerings- og snuplass ved dammen og 6 møteplassar langs vegen. Møteplassane er plasserte med omtrent 300-500 meters internavstand, langs vegen der dei vil medføre minst inngrep i terrenget. Ein permanent veg vil gjere det enklare med drift og vedlikehald av damanlegget, og innlagd straumforsyning og fiber i vegen vil gje betre dekning og dermed betre kommunikasjon i området.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til fylkeskommunens fråsegn datert 08.03.2024 i samband med rehabilitering av dam.

Vestland fylkeskommune varsla at tiltaksområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og at det er naudsynt med registrering for å avklare dette forholdet, jf. lov om kulturminne § 9. Dette er meldt til søkjar i eige brev datert 05.04.24.

Merk: Vårt endelege fråsegn m.o.t. kulturminne kjem etter at registreringa er gjennomført.

Fysisk aktivitet og inkludering

Planlagt anleggsveg til dammen ved Seltuftvatn vil gå gjennom tre registrerte friluftsområde vurdert som svært viktig/viktig. Stien som går der vegen er planlagt er nytta av turgåarar og deler av stien er vist som eit turforslag i ut.no (<https://ut.no/turforslag/1112169914/snheia-om-stordalen>).

Den planlagde anleggsvegen vil bli opp mot fire meter brei og bli eit stort og synleg inngrep i eit fjellområde som i dag står fram som relativt urørt. I tiltaksområdet er det også registrert fleire naturtypar og raudlista artar. Det er rimeleg å anta at anleggsvegen vil ha ein (svært) negativ konsekvens for landskaps- og friluftslivssopplevinga i tillegg til at vegen vil vere negativt for naturmiljøet. Dette er noko som også statsforvaltaren skriv i sitt høyringsinnspel.

Likeins med Statsforvaltaren meiner vi at vegen berre bør byggjast om den er heilt naudsynt for å gjennomføra det pålagde rehabiliteringsarbeidet, og at vegen, dersom den må byggjast, må byggjast med minst moglege landskapsinngrep og tilbakeførast til ein tursti etter rehabiliteringa

Vassmiljø og fisk

Tilstanden for fisk er vurdert å vere dårleg på anadrom strekning av Hovlandselva ([Vann-Nett 05.03.2024](#)). Frå Markesetfossen til Fossvatnet (vassførekomst 080-170-R Storelva - Hovlandselva) er vassførekomsten vurdert å ha dårleg økologisk potensiale basert på eit prøvefisket i 2019 ([Schedel 2020](#)). Elva mellom Fossvatnet og Monsdalsvatnet er tørrlagt pga. demningen ved på utløpet av Monsdalsvatnet, og det økologiske potensialet er vurdert å vere svært dårleg.

Vi kjenner ikkje til fiskebestanden i Fossvatnet og Monsdalsvatnet i dag, men basert på tidlegare prøvefiske er det truleg bra med aure i begge vatna. I 2010 vart det bra med fisk i Fossvatnet, og det vart påvist rekruttering i to av innløpa, mellom anna i Seltuftelva ([Heibo 2014](#)). Det vart ikkje påvist rekruttering i innløpet frå Monsdalsvatnet. Monsdalsvatnet var undersøkt i 2002, og det var då ein relativt tynn bestand av aure i vatnet, og det vart påvist rekruttering i innløpselva ([Gladsø og Hylland 2003](#)).

I Fossvatnet er det planlagt å etablere ein mellombels fangdam for å sikre at Seltuftelva blir ført til inntaket og kan bli nytta til kraftproduksjon under anleggsperioden. I 2010 vart det påvist rekruttering av aure i Seltuftelva, og det er viktig at det ikkje blir gjort tiltak som reduserer elva som gyteelv for auren i Fossvatnet. Det må mellom anna ikkje etablerast vandringshinder som gjer at fisk ikkje kjem seg opp i elva frå Fossvatnet.

Det er vidare viktig å sikre at det ikkje blir avrenning av sediment som kan legge seg over gytegroper nedstraums eller anna ureining som kan skade fisk og andre ferskvassorganismar.

Det er planlagt å bruke massar frå flaumløpet og deponiet ved utløpet til Monsdalsvatnet til anleggsvegen til Seltuftvatnet. Det er venta at dette vil gje ei meir naturleg utforminga av terrenget. Utløpet blir etter det vi kjenner til tørrlagt i periodar av året, jf. prøvefisket vist til over. Vi meiner det lilkevel bør utformast som eit naturleg elveløp med variert substrat.

Det er ut over dette viktig å gjere tiltak for å sikre fiskebestanden i vatna og i vassdraget nedstraums, slik det er føreslege i detaljplanen. I detaljplanen står det at «Under alle omstendigheter skal ikke vannutslipp påvirke resipient negativt slik at tilstandsklassifiseringen endres eller at akvatisk biota blir skadelidende.» Det er også viktig at det ikkje vert gjennomført fysiske tiltak som kan endre tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
HØYANGER KOMMUNE	Postboks 159	6991	HØYANGER
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE